



## SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 20/00510-26

Saksbehandler Kinga Bobinska

### Kommunal planstrategi for Hemsedal kommune 2020-2023 - Sluttbehandling

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kommuneplanutvalet	22.09.2020	13/20
2 Kommunestyret	05.11.2020	114/20

**Kommuneplanutvalet har behandla saka i møte 22.09.2020 sak 13/20**

#### Behandling

**Patrick Løkken (V) sette fram forslag til protokolltilførsel frå Kommuneplanutvalet:**

Forslag 1:

Kommuneplanutvalget ønsker å henvise til høringsuttalelse i sak «13/20 Kommunal planstrategi for Hemsedal kommune 2020-23 – Sluttbehandling» fra Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne, der Regional planstrategi 2020-24 for Viken trekkes frem som et eksempel på en planstrategi som bedre inkluderer minoritetsgrupper, herunder mennesker med funksjonsnedsettelse.

Kommuneplanutvalget ønsker at det blir sett nærmere på om man kan ta lærdom av det nevnte dokumentet og deretter endre planstrategien etter lærdommene fra nevnte dokument.

Forslag 2:

Kommuneplanutvalget ber administrasjonen ta vare på innspillene til «Utdannings- og opplæringsplan» og «Barn og unges egen plan for utvikling av Hemsedal», og vurdere å fremme disse, eller versjoner av disse, i neste periode, i forbindelse med behandling av «Kommunal planstrategi for Hemsedal 2024-27».

**Patrick Løkken (V) sette fram protokolltilførsel frå Venstre:**

Venstre fremmet i kommuneplanutvalget 09.06.2020 og i kommunestyret 18.06.2020 forslag til kommunal planstrategi for Hemsedal kommune.

Venstre mener at det er sterkt behov for en overordnet plan innenfor oppvekst- og utdanningssektoren, kalt «Utdannings- og opplæringsplan». Det er etter Venstres forståelse, behov for en plattform for faglig og politisk diskusjon om retningen for utdanningssektoren i Hemsedal, å avgrense hvilke tema som skal være gjenstand for politisk og faglig diskusjonen og en beskrivelse av nåsituasjonen med påfølgende tiltak som iverksettes. Målet er at dette skal fremme en politisk og faglig diskusjon, gi en tydelig retning og bidra til en helhetlig, oversiktlig styring av sektoren.

Venstre mener også at barn og unge burde få en egen temaplan. Planen burde institusjonaliseres i Ungdomsrådet. Barn og unge trenger en direkte stemme og arena hvor man kan løfte større visjoner for Hemsedal. Dette er spesielt viktig da det er denne gruppen som skal bo og utvikle kommunen i fremtiden. For et råd med stadig utskiftning vil et slikt dokument øke graden av kontinuitet i arbeidet. Innspillene fra ungdomsrådet i enkeltsaker eller planer vil slik kunne gi et ungdomsråd med et mer helhetlig blikk på samfunnet i tråd med deres visjoner. Visjonene vil være konkret og håndfaste, og slik stille større makt bak kravene til gruppen.

Venstre har forståelse for at administrasjonen er belastet med stor arbeidsmengde i gjeldende periode. Det er derfor forståelig at planene ikke innlemmes i løpet av denne perioden. Venstre vil ta med seg disse innspillene til neste behandling av «Kommunal planstrategi for Hemsedal kommune 2024-27».

### **Votering**

Det vart votert over forslag 1 frå Patrick Løkken (V). Forslaget fall med 1 røyst (1xV) mot 5 røyster. Det vart votert over forslag 2 frå Patrick Løkken (V). Forslaget fall med 1 røyst (1xV) mot 5 røyster.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedteke samrøystes.

### **Vedtak**

Hemsedal kommunestyre vedtek planstrategi for Hemsedal kommune 2020-2023 med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, med følgjande endringar:

1. Kap.5.1 om revisjon av kommuneplan, under tema som vert inkludert i revidering av arealdelen blir tilføyd: Vurdering av fortetting innanfor eksisterande bustadfelt

Administrasjonen får fullmakt til å redigere og oppdatere planstrategidokumentet i tråd med vedtak i kommunestyret.

### **Protokolltilførsel frå Venstre:**

Venstre fremmet i kommuneplanutvalget 09.06.2020 og i kommunestyret 18.06.2020 forslag til kommunal planstrategi for Hemsedal kommune.

Venstre mener at det er sterkt behov for en overordnet plan innenfor oppvekst- og utdanningssektoren, kalt «Utdannings- og opplæringsplan». Det er etter Venstres forståelse, behov for en plattform for faglig og politisk diskusjon om retningen for utdanningssektoren i Hemsedal, å avgrense hvilke tema som skal være gjenstand for politisk og faglig diskusjonen og en beskrivelse av nåsituasjonen med påfølgende tiltak som iverksettes. Målet er at dette skal fremme en politisk og faglig diskusjon, gi en tydelig retning og bidra til en helhetlig, oversiktlig styring av sektoren.

Venstre mener også at barn og unge burde få en egen temaplan. Planen burde institusjonaliseres i Ungdomsrådet. Barn og unge trenger en direkte stemme og arena hvor man kan løfte større visjoner for Hemsedal. Dette er spesielt viktig da det er denne gruppen som skal bo og utvikle kommunen i fremtiden. For et råd med stadig utskiftning vil et slikt dokument øke graden av kontinuitet i arbeidet. Innspillene fra ungdomsrådet i enkeltsaker eller planer vil slik kunne gi et ungdomsråd med et mer helhetlig blikk på samfunnet i tråd med deres visjoner. Visjonene vil være konkret og håndfaste, og slik stille større makt bak kravene til gruppen.

Venstre har forståelse for at administrasjonen er belastet med stor arbeidsmengde i gjeldende periode. Det er derfor forståelig at planene ikke innlemmes i løpet av denne perioden. Venstre vil ta med seg disse innspillene til neste behandling av «Kommunal planstrategi for Hemsedal kommune 2024-27».

---

#### **Kommunestyret har behandla saka i møte 05.11.2020 sak 114/20**

##### **Behandling**

Ingar Nergård (Krf) deltok igjen i møtet.

Innstilling vedteke.

##### **Votering**

Samrøystes

##### **Vedtak**

Hemsedal kommunestyre vedtek planstrategi for Hemsedal kommune 2020-2023 med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, med følgende endringar:

1. Kap.5.1 om revisjon av kommuneplan, under tema som vert inkludert i revidering av arealdelen blir tilføyd: Vurdering av fortetting innanfor eksisterande bustadfelt

Administrasjonen får fullmakt til å redigere og oppdatere planstrategidokumentet i tråd med vedtak i kommunestyret.

---

# KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR HEMSEDAL KOMMUNE 2020-2023 - SLUTTBEHANDLING

## Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

## Vedlegg:

- Planstrategi for Hemsedal kommune 2020-2023 – Høyringsframlegg med forslag til endringar
- Saksutskrift, Kommunalplanstrategi 2020-2023 – Høyringsframlegg, sak 63/20
- Innspel – samla
- Uttale frå Eldreråd, sak 12/20 - Eldrebo
- Uttale frå Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne, sak 9/20
- Vedtak i sak 82/19, PLR
- Folkehelseoversikt

## Dokument i saka:

Ligg på sak 20/00510

## Saksopplysningar:

Kommunestyret behandla forslag til planstrategi 2020-2023 i sak 63/20 den 18.06.2020. Dokumentet har vore på høyring og offentleg ettersyn i perioden

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret for å avklare kva planoppgåver kommunen skal prioritere for å møte behovet til kommunen framover. Planstrategien omfattar derfor ei drøfting av kommunen sine strategiske val innan samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk og utbyggingspolitikk samt miljø, sektorverksemd i høve til planbehov og prioritering dei neste 4 åra.

Planstrategien er basert på kommuneplanens samfunnsdel, nasjonale og regionale føringar, innspel til planarbeidet og kunnskapsgrunnlaget for planstrategi for Viken fylkeskommune. Statusdokument for folkehelse er òg eit viktig dokument som jf. Folkehelseleva skal ligge som underlag i samband med vedtak av planstrategien. Dokumentet vert oppdatert med dei siste resultat frå «Ungdata», når dei vert offentleg. Den siste versjonen er lagt ved saka.

Det er komme inn 5 høyringsuttaler. Uttalene er kommentert under «Vurdering».

## Forhold til overordna plan:

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og regionale planar.

## Miljøkonsekvenser:

Det vert vist til planstrategidokumentet.

## Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Det vert vist til planstrategidokumentet samt statusdokumentet for folkehelse.

## Økonomiske konsekvensar:

Kommunal planstrategi medfører ingen direkte kostnader utover dei administrative ressursane som har gått med til utarbeidinga. Som ein indirekte konsekvens vil utgifter til planarbeid måtte påreknast i samband med utarbeiding av planar i tråd med planstrategien. Dette gjeld i hovudsak administrative

ressursar og kostnadar frå kommunen sin eigen organisasjon, men noko spisskompetanse er vanleg å kjøpe. Dette gjeld t.d. skred/flom rapportar, prosjektering av veg og liknande. Økonomiske disponeringar i høve til føreståande planarbeid vil og vere ein del av økonomiplanarbeidet.

#### Vurdering:

Under følgjer ei kort oppsummering av høyringsuttaler med kommentar. Alle fråsegn er lagt ved, sjå vedlegg.

Oppsummering	Kommentar
<p><b>Viken fylkeskommune</b></p> <p>Fylkeskommunen meiner at planstrategien er eit godt utarbeida grunnlag med utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei ser det også som positivt at Hemsedal kommune har i tillegg eit oppdatert statusdokument over folkehelse i kommunen. VFK er generelt godt nøgt med dokumentet og forslag til prioritert planarbeid med td. interkommunalt samarbeid, vidareutvikling av Trøym sentrum, kulturminner og kulturmiljø, friluftsliv og folkehelse og infrastruktur men understreker at ambisjonsnivå bør tilpassast tidshorisonen på 3 år og avstemmast med tilgjengelige ressursar.</p> <p><u>Konkrete innspel/synspunkt:</u> Ber om at <b>nasjonale føringar</b> som statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018) og rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, vert teke med vidare i prosessen.</p> <p>Det blir peika på nytten av ei tydeliggjering rundt kva <b>FN17</b> sine måla betyr for Hemsedal-samfunnet og at det bør utviklast ein strategi for bruken av dei.</p>	<p>Nasjonale føringar, vert teke vidare med i prosessen gjennom å følgje opp: <i>Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-23 og Regional planstrategi for Viken</i> som skal sluttbehandlast i desember 2020. Begge dokument er det vist til i Planstrategidokumentet, samt ansvaret kommunen har for at dei vert sikra.</p> <p>Nyleg vedteken samfunnsdel legg til grunn at kommunen sine lokale mål og strategiar skal følgje FN sine 17 utviklingsmål og tar opp kva dei betyr for Hemsedal.</p> <p><b><i>Innspela er imøtekomne</i></b></p>
<p><b>Fylkesmannen i Oslo og Viken</b></p> <p>Fylkesmannen meiner at Hemsedal har laga ein god oversikt over kommunen sine planbehov for dei ulike sektorane.</p> <p><u>Konkrete innspel/synspunkt:</u> Meiner det er positivt at det er foreslått arbeid med å utarbeide ein egen kommunedelplan for naturmangfald for å styrke kunnskapsgrunnlaget. Understreker</p>	<p>Det er naturleg at det i forkant av arbeidet med plan for naturmangfald blir gjort ein vurdering av kartleggingsbehovet.</p>

<p>mangelfullt kartlegging for naturmangfald særlig med fokus på områder som er aktuelle for utbygging.</p> <p>Ser positivt på at det i forslaget til planprogram for revidering av arealdelen er tatt tema som overvann. Samt at hovedplan for VA skal reviderast og viser til at planen må sjåast i samband med arealplanlegging.</p> <p>Understreker samtidig at jordvern og landbruk bør også vere tema i sektor-/temaplan om for eksempel klima, energi og klimatilpassing, næringsplan, reiseliv og kulturminne utover planlagde landbruk- og beitebruksplana.</p> <p>Kommunen bør i planstrategien legge inn føringar som sikrar at alle arealplaner tilfredsstillir krav til ROS-analyse i plan- og bygningsloven, at kommunen sjølv kvalitet sikrar eksternt utførte ROS-analyser, og at funn frå desse vert innarbeida i plankart og planføresegner for å hindre økt sårbarhet. Samt kva for ROS-analyser og aktuelle utrekningar kommunen skal ha, og korleis ROS og andre relevante planer skal henge saman.</p>	<p>Jf. den vedtekne arealdelen til kommuneplanen er det satt krav til VA-løysigar som sikrar bl.a. at kommunen sin VA-norm skal leggest til grunn ved all utbygging.</p> <p>Kommunen legg til grunn at jordvern og landbruk vert teke som tema i planprosess for dei temaplanar der dette er aktuelt/relevant.</p> <p>ROS er sikra i arealdelen pkt.1.8. Jf. den vedtekne arealdelen til kommuneplanen er sårbarheit i høve naturbaserte hendingar blant dei forhold som må avklarast i vidare planarbeid.</p> <p><b><i>Innspele er imøtekomne</i></b></p>
<p><b>Direktoratet for mineralforvaltning</b> Direktoratet ser av utkastet til planstrategi at kommunen i samband med revisjon av arealdelen skal identifisere behov for føreseigna til vurdering av mineralressursar. Dei ber om å avsette omsynssone for vern av mineralske ressursar og at tema vert inkludert i konsekvensutgreiinga til arealdelen. DMF kan ikkje sjå at planstrategien ytterlegare tek stilling til korleis kommunen skal forvalte mineralske ressursar i sine planar, men legg til grunn at det vert gjort i kommuneplanarbeidet.</p>	<p>Kommunen legg til grunn at i kommuneplanarbeide vert det teke stilling til korleis kommunen skal forvalte mineralske ressursar i sine planar.</p> <p><b><i>Innspelet er imøtekommen</i></b></p>
<p><b>Norges vassdrag- og energidirektorat</b> Direktoratet understreker at det i revidering av kommuneplanen sin arealdel må det takast omsyn til klimaendringar i samfunns- og arealplanlegginga. Ser at overvann er eit tema der det er behov for å stramme opp i samband med ny arealdel og viser til at overordna kartlegging av flaumvegar for overvatn bør prioriterast i planarbeidet. Kommunen bør òg</p>	<p>Kommunen legg til grunn at i kommuneplanarbeide vert det teke stilling til korleis kommunen skal handtere overvatn som tema. I samband med den prosessen vert det òg tatt omsyn til klimaendringar, jf. dei nasjonale føringar det er vist til i Planstrategidokumentet.</p>

<p>vurdere trongen for å utarbeide en overordna temaplan for overvatn.</p>	<p><b><i>Innspelet er imøtekommen</i></b></p>
<p><b>Staten Vegvesen</b> SVV nemner omlegging av Rv.52 gjennom Hemsedal og skriv at det viser trong til nytt planarbeid og påfølgjande prioritering av gjennomføring i framtidig Nasjonal Transportplan. Dette arbeide er ikkje ein prioritert oppgåve av SVV. Viser til tidlegare konklusjon om at eksisterande korridor for Rv.52 skal nyttast i framtida.</p> <p><u>Konkrete innspel/synspunkt:</u> Synes elles at det er positivt at kommunen er oppteke av trafikktryggleik og legg opp til rullering av trafikktryggleiksplan. Anbefalar at trafikktryggleik blir tema i ny hovudplan for kommunale vegar.</p> <p>I samband med regulering av nye renovasjonspunkt må det vurderast trafikale løysingar både for renovatørar, biler og andre trafikkantar. Peiker på at det bør utformast ein arbeidsvarslingsplan for arbeidsoperasjonar på og langs vegnett.</p> <p>Minner om at Veg- og Vegtrafikkloven med tilhøyrande forskrifter, vegnormaler og retningsliner gjeld for alt vegnett i Norge. Dei anmoder samstundes om at kommunen sørger for ressursar til faglig kompetanse også på deira tema.</p>	<p>Planstrategi legg ikkje opp til å sette i gang planarbeid med omlegging av Rv.52 i nåverande planperiode.</p> <p>Kommunen legg til grunn at Hovudplan for veg vert samordna med Trafikktryggleiksplanen.</p> <p>Vurderingane foreslått av SVV vil vere naturleg å ha som utgreiingsmoment i reguleringsplanprosess for renovasjonspunkt. Når de kjem til arbeidsvarsling, ligg dette innanfor ansvarsområdet til Hallingdal Renovasjon, i samband med tømning.</p> <p>Teke til etterretning.</p> <p><b><i>Innspela er imøtekomne.</i></b></p>

Følgjande politiske utval fatta vedtak som rører ved tema teke opp i Planstrategi:  
(Alle vedtak er lagt ved saka)

**Hemsedal eldreråd** hadde i sak 12/20 – Eldrebo den 16.06.2020 fatta følgjande vedtak:  
*Eldrerådet tilrår at det vert oppretta ei interesseliste for å kartlegge interesse og behov for Eldrebo. I tillegg må det settast av areal frå kommunen. Eldrerådet ber med dette Hemsedal kommune om å sette av areal til «Eldrebo» i arealplanen.*

Kommentar:

Omsorgsbustadar for eldre er planlagt på/ved Bygdaheimen. Det er elles ikkje nokon god analyse av type bustadbehov (einebustadar eller fleirmannsbustadar). Kommunen manglar òg ei oversikt over nødvendig bustadmasse for dei ulike innbyggjargrubbene t.d. eldrebo. Ein bustadsosial handlingsplan skal avklare desse momenta nærmare og er tenkt å starte allereie i 2020.

**Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne** har i sak 9/20 den 19.08.2020 hatt planstrategi opp til diskusjon og ynskjer meir målretta og eksplisitt fokus på mennesker med nedsatt funksjonsevne. Dei trekkjer fram følgjande område som etter deira vurdering er mangelfulle med tanke på gruppe dei representerer: tilrettelagt arbeid, inkludering, moglegheit for meningsfullt liv.

Kommentar:

Rådet kjem med mange gode poeng. Administrasjonen vil samstundes understreke at samfunnsdelen til kommuneplanen legg opp til å inkludere alle målgrupper i gjennom målområder og vidare dei konkrete prioriteringar (strategi). Her er nokre eksemplar:

- Varierte butilbod i alle prisklasser til alle målgrupper
- Betre kollektivtilbod til alle brukargrupper
- Varierte moglegheiter for arbeid: Kunnskap om målgruppa
- Inkluderande, levande og mangfaldig lokalsamfunn utan sosiale skilnader: Alle innbyggjarar skal ha like moglegheiter til å bidra og delta i lokalsamfunnet
- Gode rutinar og sunn livsstil med tidleg innsats gjennom heile livsløpet

Målsettingar og strategiar frå samfunnsdelen vert konkretisert i kommunedelplanar og tema(sektor)planar. Meir målretta og eksplisitt fokus på menneske med nedsett funksjonsevne vert ivareteke gjennom ny plan – Helse, omsorg og sosialplan, der ivaretaking av funksjonshemma er ein av tema som skal inngå i planen, med oppstart allereie i 2020.

**Hovudutval for Plan og Ressurs** har, ved 2.gongs handsaming av områdeplan for Tuv sentrum sak 82/19 den 10.12.2019, gjort følgjande protokolltilførsel: *Utvalg for plan- og ressurs ønsker at det i planstrategien tas opp spørsmål om ytterligere fortetting av planområdet.*

Kommentar:

Områdeplan for Tuv sentrum (2017003) er eit år gammal og legg opp til noe fortetting. Administrasjonen har sida den vart vedteken sett på utforming av føresegner, som opnar for fortetting av eksisterande bustadfelt utan at dei er for rigide og samstunder ivaretek eksisterande bomiljø. I Trøym sentrum bustadfelt (2019010) som ligg nå på høring er det brukt ein anna metode som er noe meir fleksibel. Vurdering av fortetting og utforming av føresegna innanfor eksisterande bustadfelt generelt kan sjåast på i samband med revidering av arealdelen, der det i utgangspunktet er tenkt å sjå på nye buarela.

**Konklusjon:**

Regionale og nasjonale høyringsinstansar meiner utfordringane og prioriteringane som kommunen har gjort heng godt saman. Høyringsuttalene viser til nasjonale dokument og retningslinjer og tema som ein må ta omsyn til i dei ulike planprosessane. Det er ikkje kome inn forslag til endringar i kommunen sine prioriteringar på planbehov i perioden.

Fleire høyringsuttaler omtaler FN sin bærekraftsmål og at dei skal bli teke omsyn til i alle planprosessar. Både Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med gode poeng. Administrasjonen meiner samstundes at dei er ivareteke i kommuneplanen og dei framtidige plana som kjem i planperioden.

Dersom det er ønskeleg å sjå på ytterlegere fortetting av Tuv sentrum før planprosess for arealdelen vert satt i gang, må det komme tydeleg fram av vedtaket.

**Kommunedirektøren si innstilling:**



Hemsedal kommunestyre vedtek planstrategi for Hemsedal kommune 2020-2023 med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, med følgjande endringar:

1. Kap.5.1 om revisjon av kommuneplan, under tema som vert inkludert i revidering av arealdelen blir tilføyd: Vurdering av fortetting innanfor eksisterande bustadfelt

Administrasjonen får fullmakt til å redigere og oppdatere planstrategidokumentet i tråd med vedtak i kommunestyret.

Underskrift  
RETT UTSKRIFT  
DATO 6.november.2020